



## LAB- nytt nr 5-2007

### Blodprøver til Laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank Rettleiing for prøvetaking og val av glas.

Laboratoria har i haust teke i bruk nye analysesystem. Dette medfører at behovet for antal tilsendte gelglas og mengde serum er vesentleg redusert.

Det er først og fremst ein fordel for pasientane at det vert teke mindre mengde blod. Bruk av færre glas vil også spare kostnader til prøveglas og porto, og ikkje minst vil det spare miljøet for avfall. Av desse grunnar ser vi helst at de ikkje brukar gelglas større enn 5-6 ml.

Vi vonar at dette vert enklare og meir oversiktleg for dykk:

Type prøvetakingsglas / sendeglas	Analyser
<b>CITRAT-GLAS</b> Plasma i sendeglas	INR Fibrinogen (citrat-plasma) D-dimer (citrat-plasma)
<b>GELGLAS* 5 ml</b> Eller ca 2 ml serum i sendeglas.	Klinisk kjemiske analyser Protein analyser Hormon og vitamin analyser
<b>GLAS UTAN GEL.</b> Serum i sendeglas.	Medikament analyser
<b>EDTA – GLAS</b> Plasma i sendeglas	Hematologi HbA1C PTH (EDTA-plasma)

**\*Mange av våre analyser krev serum/plasma som er hemolysefritt og ikkje blodtilblanda.**

Ved bruk av gelglas er det difor viktig å blande glasa 6 gongar straks etter prøvetaking. Glasa vert så sette vertikalt i stativ.

Koagulering minimum 30 min ved romtemperatur før sentrifugering.

- **Plast gelglas ( blank gel ):** Sentrifugering 10 minutt ved 2000 G
- **Glas gelglas ( kvit gel ):** Sentrifugering 10 minutt ved 1300 G )

Etter sentrifugering er det ein fordel om glasa får stå vertikalt opptil 1 time før sending

**Ved vidaresending av analyser til andre laboratorium, i eller utanfor Helse Førde, treng vi ekstra prøveglas.**

**Ved vanskeleg prøvetaking / lite serum:**

**Ver venleg å gje opplysning om kva for analyser som bør ha høgst prioritet.**